

Hordaland Fylkeskommune

Dykkar ref. Arkivsakid-doknr: 2017001497-4 Saksh: I Arkivkode Dato:
Journalpostid: 2018001597 Telefon: 53 65 40 23 Q12, &13 30.01.2018

Uttale vedr. utval for Miljø og samferdsel (MISA) sitt vedtak i sak 10/18 : Haukeliekspressen

Søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS om ruteløyver for strekninga Bergen - Odda - Oslo

Innstilling til fylkesutvalet er :

1.

Med heimel i yrkestransportforskrifta § 3 1. ledd, jf. yrkestransportlova § 15 og yrkestransportlova § 11 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS, om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Åsane - Kvamskogen - Jondal - Odda - Seljestad - Telemark - Buskerud - Akershus - Oslo på vilkåret som er spesifisert i punkt 2

2.

Med heimel i yrkestransportlova § 11 og Samferdselsdepartementet sitt Rundskriv N-2/2017, vert det sett som vilkår at alt materiell som vert nytta i drifta av løyva, skal oppfylle same krava til bussklasse II og III i krava i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport til materiell i buss, herunder tilgjenge for rullestolbrukarar.

3.

Fylkesutvalet godkjenner at den einskilde fylkeskommune som vert omfatta av løyvedrifta får godkjenne takstar og ruteplan, herunder trasé.

4.

Det vert sett som vilkår for løyva at det ikkje vert utført lokaltransport i Hordaland så lenge Skyss trafikkerer same trasé med lokale korrespondansar.

5.

Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriellet som vert nytta i løyvedrifta har motorteknologi som gjev lågast mogleg utslepp av avgassar.

For kommunane Kvam, Jondal og Odda er innstillinga frå MISA til fylkesutvalet eit signal om at ein framleis ønskjer at kollektivtilbodet som gjeld fylkesgrensekryssande reiser skal styrast av Skyss og den avgrensing som gjeld i «Kollektivstrategi for Hordaland. Utvikling fram til

Et levende kraftsenter

Telefaks: 53 65 40 51	Org.nr: 964 967 814	Telefon: 53 65 40 00
Opheimsgata 31	Bankgiro: 3201.50.24584	Telefaks: 53 65 40 51
5750 ODDA	Innbetaling skatt: 6345.06.12288	Epost: epost@odda.kommune.no

www.odda.kommune.no

2030». Dette kan ikkje seiast å vera til det beste for alle reisande då dagens modell krev fleire bussbyte og lågare standard på bussane enn det ein hadde før anbod vart innført i denne delen av Hordaland i 2008.

Før denne tid hadde Haukeliekspressen i perioden frå 01.05.1991 køyrt til og frå Bergen med 3 daglege avgangar og utført lokaltransport i Hordaland. Dette samasvarer heilt med dagens linje 930. Ved innføring av anbod vart denne ordninga avslutta etter pålegg frå fylkeskommunen og Haukeliekspressen avslutta sine ruter til og frå Bergen. Dette var på ingen måte å ivareta publikum sine samla interesser slik Yrkestransportlova gjev fylkeskommunen heimel for.

For 2 år sidan vart linje 930 ytterlegare redusert ved at avgangen frå Seljestad som korresponderte med Haukeliekspressen frå Oslo med avgang kl 13.40 vart kutta i Arna der dei reisande må gå over på lokaltog.

Den delen av fylket som det omsøkte løyvet vil gje eit tilbod er utan alternative langdistanse-kollektivtilbod som fly og tog. Det gjer at ekspressbuss er einaste aktuelle alternativ til personbil for reiser frå denne regionen og ut av fylket. Rett nok kan deler av regionen nytta regionalt busstilbod til Voss og tog derifrå vidare til t.d. Oslo, men dette er både dyrare og meir tidkrevande enn å nytta ekspressbussen over Haukeli.

Fram til 2008 var det mogeleg å reisa mellom Oslo og t.d. Kvam utan bussbyte og med plassgaranti slik Norway Bussekspress tilbyr. Det var i desse åra fast rutine at ein i trafikksterke periodar alltid køyrde gjennomgåande buss Bergen – Oslo. For dei reisande var dette ofte avgjerande for å velja kollektivreiser til eller frå austlandet.

Slik ordninga fungerer idag er reisa forbunde med bussbyte og ulempe også på trafikksterke dagar. Dette har ført til trafikknedgang for langdistansereiser samanlikna med perioden fram til 2008.

Skyss si linje 930 Bergen – Seljestad trafikkerer i dag denne strekninga. Ei endring til at denne linja vert utført med Haukeliekspressen med «opne» dører vil kunne vidareføra kvalitetane ruta har i dag og i tillegg gje dei reisande eit tidsmessig langdistansetilbod.

Vi ber derfor om at fylkesutvalet endrar pkt 4 i innstillinga og vurderer løysingar for også å kunne utføra lokaltrafikk og ivareta lokale korrespondansar.

Venleg helsing

Jostein Ljones / sign
Ordførar Kvam herad

Jon Larsgard /sign
Ordførar Jondal kommune

Roald Aga Haug
Ordførar Odda kommune

